

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 12.12.2005
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Førebels inntektsfordeling 2007 og førebels resultatkrav 2007**

Sak nr. 55/06 B

Styremøte 20.06. 2006

1. Innleiing

Styret i Helse Vest har under sak 54/06 B i dette møtet fått seg førelagt sak om forslag til inntektssystem for 2007. I denne saka blir forslag til førebels inntektsfordeling lagt fram til behandling. Førebels inntektsfordeling bygger på sak 54/06 B inntektssystem 2007.

Inntektsramma til helseføretaka har tidlegare år blitt lagt fram for vedtak i styret etter at statsbudsjettet er kjent kjend. Dette har normalt vore i slutten av året eller i starten av budsjettåret. Som eit ledd i å forbetra budsjett- og omstillingsprosessen ser administrerande direktør det som viktig og nødvendig å klarlegge dei økonomiske rammene og resultatkravet for det enkelte helseføretak på eit tidlegare tidspunkt. Dette er viktig med tanke på at føretaka skal tilpasse kostnadsramma og tiltak i forhold til dei økonomiske ramma og resultatkrav som eigar stiller.

Samtidig vil det være usikkerheit knytt til fleire forhold når ein legg fram inntektsramma på eit tidlegare tidspunkt enn statsbudsjettet. Dette gjeld mellom anna føresetnad om aktivitet, økonomi og finanzielle forhold. Dette er forhold som vil bli fanga opp i samband med endeleg inntektsfordeling. Den endelege inntektsfordelinga vil bli lagt fram til styret etter at statsbudsjettet for 2007 er kjent.

Administrerande direktør legg med dette fram forslag til førebels inntektsfordeling 2007.

2. Budsjettprosess - milepelar

Administrerande direktør legg her opp til at konsernbudsjettet for 2007 blir behandla i styremøte den 12 desember 2006. For å sikre ein god prosess og nødvendige budsjettvedtak i helseføretaka vil følgjande tidsfristar og aktivitetar være sentrale:

Dato	Aktivitet	Kommentar
20/6-2006	Inntektsmodell 2007 blir behandla av styret i Helse Vest	
20/6-2006	Førebels inntektsramme og resultatkrav 2007 fastsettes av styret i Helse Vest	
15/8-2006	Rapportering av førebels	Administrasjonane sin

	investeringsplan (5 års plan) frå helseføretaka til Helse Vest	innstilling til investeringsplan. Blir nytta som underlag for rapportering til eigar samt budsjettørftinga i september
September	Drøfting av førebels investeringsplan i Helse Vest styret	
September	Budsjettmøte med helseføretaka	Avklare føresetnader, aktivitet, utfordringsbilde, tiltaksplanar og status i budsjettprosessen
Primo oktober	Statsbudsjett 2007	
Oktober	Bestilling 2007 samt gjennomgang og kvalitetssikring av inntektsrammer og resultatkrav i HF'a	Oppfølging budsjettmøter og klarlegging av konsekvensar statsbudsjettet har for dei økonomiske rammene til HF'a
8/11-2006	Endeleg inntektsramme 2007 med resultatkrav	
November	Budsjettvedtak i helseføretaka	
Desember	Budsjettvedtak RHF og konsern	

Helseføretaka må i sine lokale budsjettprosessar innarbeide dei tidsfristar og aktivitetar som kjem fram av ovannemnde plan.

Den inntektsfordeling som er foreslått i denne saka er å forstå som ei budsjetttramme. Helseføretaka blir bedne om å nytta rammebudsjettering som budsjettprosess. Budsjettprosessen i det enkelte helseføretak må leggast opp på ein slik måte at helseføretaka bryt ned dei økonomiske rammene frå Helse Vest til lågaste nivå med budsjettansvar i organisasjonen. Eventuelt nye/endra behov som helseføretaket ønskjer å prioritere, skal finansierast innafor den økonomiske ramma. Helseføretaka må ikkje setje i verk nye aktivitetar/tiltak før finansieringa er godkjent av styret. Dersom helseføretaket likevel vil setja i gang tiltak/aktivitetar som ikkje har ei særskild finansiering må andre lågare prioriterte aktivitetar takast ut for at helseføretaket skal halda seg innanfor ramma.

Det er og viktig at dei økonomiske rammene vert fordelte ned og gjort kjend i organisasjonen slik at dei resultatansvarlege kan tilpassa kostnadene etter inntektsramma. Det er ingen mening i å budsjettera med vekst som ikkje har budsjettdekning. Det har gjennom åra vore ein tradisjon for at føretaka har gitt seg sjølve ei ekstra startstrekning ved at det er utarbeida ”ønskelister” over nye tiltak som ikkje har tilsvarende finansiering. I den grad dette forsett er gjeldande praksis, må dette endrast.

Helseføretaka må heller ikkje leggja føresetnader om inntekter eller korreksjon av resultat for kostnader som ikkje er eksplisitt nemnd i denne saka, t.d. må helseføretaka ta høgde for rentekostnader av langsiktig og kortsiktig gjeld.

3. Føresetnader

Førebels inntektsfordeling 2007 vil her bygge på ei vidareføring av same aktivitetsnivå som er lagt i bestillinga for 2006. Det er ikkje innarbeida nokon form for omprioritering av midlar ut over det som følgjer av inntektsmodellen for 2007 under sak 54/06 B.

Inntektsramma frå staten er føresett vidareført på same nivå som i 2006. Ved omrekning av tala er det nytta ein gjennomsnittleg deflator på 3,0 %. Denne bygger på eit anslag om tilnærma same nivå som i 2006. Helse Vest vil i samband med endeleg inntektsfordeling justere deflator i tråd med føresetnaden som blir lagt til grunn for statsbudsjettet 2007.

DRG prisen er førebels basert på prisen for 2006 på kr 31.614 justert for ovannemnde deflator, dvs. kr 32.562,-. Det er ikkje gjort fråtrekk for eventuell endring i kodepraksis og DRG poeng ligg derfor inne med same nivå som i bestillinga for 2006.

Regjeringa varsla i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005-2006) at ein vil vurdere ein reduksjon i overgangsperioden for ny inntektsfordeling i samband med budsjettforslaget for 2007. I revidert nasjonalbudsjett 2006 blei overgangsperioden forsert og Helse Vest fekk då kr 60 mill som reduserer skeivfordelinga mellom dei regionale helseføretaka. Nettoeffekten av omfordelinga utgjer kr 41 mill i 2006. Det gjenstår då ei rest skeivfordeling i medhald av stortinget sitt vedtak på kr 45 mill. Med basis i dei signala som er gitt i revidert nasjonalbudsjett om ein reduksjon i overgangsperioden, blir det i denne saka lagt opp til at resterande skeivfordeling blir tildelt Helse Vest i statsbudsjettet for 2007.

I inntektsramma frå staten for 2007 ligg det inne følgjande føresetnad om endringar ut over rein prisjustering:

- | | |
|---------------------------------|------------|
| • Heilårseffekt av TNF hemmarar | kr 68 mill |
| • Opptrapping skeivfordeling | kr 45 mill |

Det gjenstår no 2 år av opptrappingsplanen for psykiatri. Det har i 2005 og 2006 vore ein gradvis auke i dei årlege opptrappingsmidlane der opptrappinga for 2006 var på kr 57,4 mill justert for prisvekst. Det er førebels usikkert kor stor tildelinga vil bli for 2007 og 2008. Det er særleg fordelinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunale tiltak som vil kunne ha innverknad. Helse Vest vil innafor dei midlane som blir gitt prioritere barne- og ungdomspsykiatrien samt dei nye DPS'a. Det vil fram mot statsbudsjettet for 2007 bli gjennomført eit arbeid der prioriteringane av opptrappingsmidlar vil bli nærmare vurdert. Helse Vest vil kome tilbake med ei fordeling av opptrappingsmidlar i forbindelse med framlegg av endeleg inntektsfordeling 2007.

Med basis i desse føresetnadene legg administrerande direktør til grunn følgjande førebels inntektsramme frå staten for 2007:

	(tal i heile tusen)	Kap. Post	RNB 2006	Endring	Estimat 2007
Førebels estimat ISF inntekt (overslagsbevilgning)	732.76	2 708 618			2 789 876
Basisramme	732.73	8 983 609	113 000	9 369 507	
Sjukettransport	732.70	272 400	0	280 572	
Forskning, utdanning og Medisinske kompetansesentre	732.78	107 600	0	110 828	
Psykisk helsevern	743.75	286 703	0	295 304	
Tilskot til opprenningsinstitusjoner	732.70	59 600	0	61 388	
Omlegging av arbeidsgiveravgift	732.70	39 100	0	40 273	
Nasjonale kompetansesentra for sjeldne funksjonshemmingar	732.70	2 300	0	2 369	
Ryggnettverket	728.21	2 500	0	2 575	
Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging		7 200	0	7 416	
Sum estimert inntekt frå staten (ekskl. polikliniske intekter)		12 469 630	113 000	12 960 108	

4. Førebels inntektsramme 2007 for helseføretaka

Ved fordeling av inntektsramma til HF'a er det tatt utgangspunkt i den samla inntektsramma frå staten fråtrekt dei midlane som Helse Vest skal nyttja til kjøp av helsetenester utanfor fordelingsmodellen. Ved fastsetting av midlane som vert nytta i Helse Vest RHF er det lagt til grunn same nivå som i revidert budsjett 2006 justert for deflator samt tekniske endringar i følgjande budsjettpostar:

Budsjettramme Helse Vest RHF 2006 (revidert budsjett)	kr 2 169 760
Auka kostnad TNF hemmar private ideelle (heilårseffekt)	23 697
Heilårseffekt av gjestepasientar rus lagt ut på HF'a	- 21 762
Opptrapping skeivfordeling	<u>45 000</u>
Sum etter tekniske endringar	kr 2 216 695
Budsjettramme prisregulert	kr 2 283 574
Fordeling av midlar til HF'a	<u>kr - 100 000</u>
Budsjettramme Helse Vest RHF	<u>kr 2 183 574</u>

Ved fordeling til føretaka er det lagt inn ei heilårsjustering for inntekter til kjøp av gjestepllassar innan rusbehandling. I tillegg er det lagt inn heilårseffekt for tilskot til TNF hemmarar. Samtidig som det blir delt ut kr 100 mill i ekstra midlar til føretaka blir budsjettert overskot i RHF'et i 2006 satt til eit nullresultat for 2007.

I revidert budsjett 2006 har administrerande direktør lagt til grunn at midlane knytta til skeivfordeling vert lagt i RHF'et. Dette med bakgrunn i at det i resultatmålinga til helseføretaka er gjort ei justering for meiravskrivingar på kr 91 mill knytt til investeringar i perioden 2002-2005. Denne justeringa inngår ikkje i resultatmålinga til eigar. Resterande del av skeivfordeling utgjer for Helse Vest kr 45 mill. Administrerande direktør vil foreslå at og resterande del av skeivfordeling blir halden tilbake i RHF'et. Samtidig blir det her foreslått å dele ut kr 100 mill til helseføretaka. Midlane vert delt ut etter somatikk-nøkkelen. Helseføretaka vil da bli målt på eit resultat utan korrekjon for meiravskrivingar gjennomført i perioden 2002-2005. Resultatmålinga i HF'a vil da vere samanfallande med resultatmålinga som eigar legg til grunn.

Forslag til inntektsfordeling 2007 til helseføretaka vil då vere basert på prisjustering av ramma frå 2006 tillagt heilårseffektar av nye oppgåver, auka tilskot fordelt etter somatikknøkket og justering for effekt av inntektsmodell 2007.

Dette gjer følgjande inntektsramme 2007 fordelt pr. helseføretak:

Inntektsfordeling 2007 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyr finansiering	721 195	375 279	1 097 961	287 442		2 481 877
ISF pasienter behandla i andre regionar	50 282	14 536	24 998	15 881		105 698
ISF pasienter behandla for andre regionar	-15 174	-2 292	-42 917	-5 848		-66 232
SUM ISF	756 303	387 523	1 080 041	297 475	2 183 574	2 521 342
Inntektsramme Helse Vest RHF						2 183 574
Basis somatikk	655 782	340 493	616 328	276 648		1 889 251
Basis somatikk fordelt etter produksjon	360 598	198 578	624 119	143 721		1 327 015
Kostnadskomponent, somatikk	172 507	91 440	564 824	64 026		892 797
Basis psykiatri	511 992	339 430	650 463	240 514		1 742 398
Gjestepasienter rus	15 910	8 972	22 515	5 869		53 265
Kostnadskomponent, psykiatri	-	-	29 458	-		29 458
Ambulanse	62 470	71 155	156 864	94 658		385 147
Stukturtilstskot	-	24 154	19 084	30 582		73 820
Skjønnstilstskudd Helse Førde	-	-	-	20 000		20 000
Tilstkudd til landsfunksjonar	-	-	32 331	-		32 331
Intern gjestepasientoppgjer	-37 369	-85 769	179 979	-56 841		0
Fordelt kapitaltiskot	189 945	106 344	312 426	77 489		686 205
Sum fordelt etter modell	2 688 137	1 482 321	4 288 433	1 194 138	2 183 574	11 836 603
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppkj. Fordelt etter faktisk kostnad *)	17 043	5 944	-8 699	4 870		19 158
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppkj. Fordelt etter somatikkmodell	5 622	3 370	7 898	2 268		19 158
Endring organisering	-15 300	0	-5 400	0		-20 700
Sum fordelt etter modell inkl. ekstern gj.pas.oppkjør - inntektsramme fra Helse Vest til HF	2 695 502	1 491 635	4 282 233	1 201 276	2 183 574	11 854 220

Inntektsfordeling 2007 - Utanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Tilskudd i basisrammen						-
Poliplikk overført basisramme			Overført til inntektsmodellen			-
Halvering lab/røntgen satsar	42 348	14 879	75 878	13 433		146 539
Kreftplan	7 326	1 120	9 683	2 658		20 786
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	10 084	500	29 680		40 265
Kompensasjon for el-avgift	5 025	5 407	10 867	2 914		24 213
Internt lab/røntgenoppgjør	-4 495	-5 610	14 076	-3 971		-
Rusomsorg	1 371	14 475	15 726	541		32 112
Gjestediplom rusområde - fordelt i modellen						-
TNF hemmar	19 599	706	69 216	19 953		109 474
Styrking av inntektsramma fordelt etter nøkkel for kapitaltilskot	29 000	18 000	41 000	12 000		100 000
Særskilte tildelinger						
"Mor og Barn" prosjekt	439					439
Øremerket tilskudd						-
Opptrappingsplan psykiatri 2004	4 308	2 573	5 101	2 843		14 824
Opptrappingsplan psykiatri 2005	11 036	9 449	18 023	9 427		47 936
Opptrappingsplan psykiatri 2006	17 716	8 961	23 690	7 725		58 092
Tilskot til utdanning	11 085	5 547	95 251	4 199		116 082
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	1 813		2 192			4 006
Regionale komp.sentre- kreftplan			17 834			17 834
Nasjonale med. komp. Sentre			26 925			26 925
Nasjonalt kompetansesenter i funksjonell magnetisk resonans avbildning (fMRI)			767			767
Nasjonalt kompetansesenter for leddproteser			767			767
Nasjonalt kompetansesenter for søvnsykdommer			877			877
Nasjonalt kompetansesenter for bevegelsesstyrrelser	1 096		-			1 096
Vestibulære sykdommer			439			439
Gastroenterologisk ultrasonografi			439			439
Syketransport	52 898	49 383	100 587	99 808		302 676
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 817					3 817
Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging						
Insulinpumper	2 686	1 584	4 714	857		9 841
Dyrare legemiddel	869	478	1 497	369		3 213
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	5 023					5 023
Utanlandsbehanlinger - overf. frå RHF			9 991			9 991
SUM tildelt inntektsramme 2007 frå RHF	2 908 464	1 628 670	4 835 688	1 403 713	2 183 574	12 960 109
Reduksjon av inntektsramma til HF'a som følge av eksternt gjestepasientoppgjør:						
Kostnad eksternt gj.pas.oppgjør	-100 564	-29 073	-49 996	-31 762		-211 395
Fakturering av gjestepasienter andre regioner	30 348	4 585	85 835	11 696		132 464
Kostnad rus gjestepasienter	-19 761	-2 930	-20 188	-10 387		-53 265
Kostnad kjøp av kurdøgnplassar	-4 695	-2 815	-6 596	-1 894		-16 000
SUM inntektsramme i HF'a	2 833 552	1 601 367	4 864 931	1 381 753	2 183 574	12 865 178

5. Balansekrav 2007

Resultatkravet til Helse Vest er for 2006 eit resultat som viser balanse. Måling av resultatkravet skal vera i samsvar med balansekrav som er vedtatt i Stortinget. Regjeringa vil vurdere nærmare korleis dei regionale helseføretaka skal målast resultatmessig frå og med 2007. Det vil bli fremma forslag om dette i samband med forslag til statsbudsjett for 2007. Auka pensjonskostnader inngår ikkje i balansekravet for 2006. Regjeringa vil kome tilbake til vidare handtering av auka pensjonskostnad i samband med forslag til statsbudsjett for 2007. Helse Vest vil i denne sakar legge til grunn dei prinsippa som gjeld for fastsetjing av resultatkravet i 2006. Eventuelle endringar som kjem i statsbudsjettet vil bli innarbeida i sak om endeleg inntektsramme for 2007.

Resultatutviklinga pr. 1. tertial viser at helseføretaka står ovafor store utfordringar i forhold til resultatoppnåinga for 2006. Det er særleg i Helse Bergen, Helse Førde og Helse Stavanger som har store utfordringar. Føretaka arbeider no med konkretisering og implementering av tiltak for å lukke budsjettvika. Det blir ved fastsetting av resultatkravet for 2007 tatt utgangspunkt i budsjettet for 2006.

I førebels inntektsfordeling er det lagt til grunn ei samla auke i inntektsramma på 3,0 %. Inntektsmodell for 2007 medfører ein omfordeling mellom føretaka. I tabellen under er inntektsramma for 2007 samanlikna med inntektsramma for 2006. For å gjere inntektsramma samanliknbar er det gjort korreksjon for heilårseffekt av TNF hemmarar og gjestepasientar rus. For å få eit bilde av resultateffekten i det enkelte heleføretak er det i tillegg gjort korreksjon for omfordelingsverknad knytt til gjestepllassar rus og tilskot fordelt etter somatikknøkkelen.

Vekst inntektsramme 2007 vs. revidert budsjett 2006	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	TOTAL
Sum inntektsramme 2007	2 908 464	1 628 670	4 835 688	1 403 713	10 776 535
Fratrekk heilårsvirkning TNF	-8 166	-294	-28 840	-8 314	-45 614
Fratrekk heilårsvirkning/omfordeling rus	-4 367	-7 279	-10 738	190	-22 193
Fratrekk tilskot fordelt etter somatikk-nøkkelen (kr 100 mill)	-29 000	-18 000	-41 000	-12 000	-100 000
Justert ramme 2007 for samanlikning mot revidert budsjett 2006	2 866 931	1 603 097	4 755 110	1 383 589	10 608 727
Inntektsramme revidert budgett 2006	2 801 133	1 575 379	4 597 299	1 326 057	10 299 869
Vekst 2007 vs 2006	65 798	27 718	157 811	57 532	308 858
Vekst i %	2,3 %	1,8 %	3,4 %	4,3 %	3,0 %
Endring inntektsramme justert for 3 % prisvekst	-18 236	-19 544	19 892	17 750	-138
Omfordelingseffekt gjestepllassar rus	-3 852	6 042	2 328	-4 518	0
Effekt av ny inntektsfordeling	-22 088	-13 501	22 219	13 232	-138
Tilskot fordelt etter somatikknøkkelen	29 000	18 000	41 000	12 000	100 000
Meiravskrivingar 2002-2005 lagt inn i resultatkravet	-11 000	-27 000	-34 000	-19 000	-91 000
Sum endring inntektsramme/omfordeling	-4 088	-22 501	29 219	6 232	8 862

Helseføretaka skal i 2007 samla sett vise eit resultat i balanse. Helse Vest RHF vil framleis budsjettere med ein reservepost for å ha ein buffer for å møte usikkerheit. Omstillingsprosessen i helseføretaka må fortsette med same trykk og kvart helseføretak må effektivisere slik at resultat for 2007 minimum går i balanse. Helseføretaka vil bli målt på eit resultat etter følgjande modell:

- Rekneskapsmessig resultat
- + Meiravskrivingar strukturfond
- + Meiravskrivingar kortare levetid
- + Meirkostnad som følge av auka pensjonskostnad
- = Resultat i høve til måling av balansekravet

Meiravskriving knytt til investeringar i perioden 2002 til 2005 (på kr 91 millionar) vil frå og med 2007 inngå i balansekravet. Helseføretaka kan derfor ikkje gjere korreksjon for desse postane i resultatmålinga.

Dersom det i statsbudsjett 2007 blir tildelt ekstra midlar til å dekke meiravskrivingar knytt til strukturfond og kortare levetider vil korreksjonsposten knytt til desse meiravskrivingar og falle bort. Helseføretaka vil då bli målt på eit resultat inkludert meiravskrivingar. Det same vil være gjeldande dersom det blir tildelt ekstra midlar til auka pensjonskostnad.

Administrerande direktør legg til grunn at helseføretaka må styre verksemda slik at resultatet for 2007 viser balanse. Resultatkravet blir fastsett etter følgjande modell:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	TOTAL
Revidert budsjett 2006	-14	0	-60	-30	-104
Effekt av inntektsfordeling 2007	-22	-14	23	13	0
Styrking av inntektsramma - fordelt etter somatikknøkkelen	29	18	41	12	100
Meiravskriving 2002-2005 inn i resultatkravet	-11	-27	-34	-19	-91
Omstillingsutfordring 2007	-18	-23	-30	-24	-95
Resultatkrav 2007	0	0	0	0	0

Dersom helseføretaka har positive/negative avvik i forhold til resultatkrav for 2006, vil dette gje tilsvarande meir/mindre utfordring i 2007 dersom det ikkje relaterer seg til eingongstiltak.

Apoteka Vest og Helse Vest IKT AS har i 2006 eit resultatkrav som viser balanse. Administrerande direktør legg til grunn at begge selskapa styrer verksemda slik at resultatet for 2007 viser minimum balanse.

Forslag til vedtak:

1. Fordeling av førebels inntektsramme blir som følgjer:

Inntektsfordeling 2007 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Iinnsatsstyr finansiering	721 195	375 279	1 097 961	287 442		2 481 877
ISF pasienter behandla i andre regionar	50 282	14 536	24 998	15 881		105 698
ISF pasienter behandla for andre regionar	-15 174	-2 292	-42 917	-5 848		-66 232
SUM ISF	756 303	387 523	1 080 041	297 475	2 183 574	2 521 342
Inntektsramme Helse Vest RHF						2 183 574
Basis somatikk	655 782	340 493	616 328	276 648		1 889 251
Basis somatikk fordelt etter produksjon	360 598	198 578	624 119	143 721		1 327 015
Kostnadskomponent, somatikk	172 507	91 440	564 824	64 026		892 797
Basis psykiatri	511 992	339 430	650 463	240 514		1 742 398
Gjestepasienter rus	15 910	8 972	22 515	5 869		53 265
Kostnadskomponent, psykiatri	-	-	29 458	-		29 458
Ambulanse	62 470	71 155	156 864	94 658		385 147
Stukturtilskot	-	24 154	19 084	30 582		73 820
Skjønnstilskudd Helse Førde	-	-	-	20 000		20 000
Tilskudd til landsfunksjonar	-	-	32 331	-		32 331
Internt gjestepasientoppgjer	-37 369	-85 769	179 979	-56 841		0
Fordelt kapitaltilskot	189 945	106 344	312 426	77 489		686 205
Sum fordelt etter modell	2 688 137	1 482 321	4 288 433	1 194 138	2 183 574	11 836 603
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter faktisk kostnad *)	17 043	5 944	-8 699	4 870		19 158
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter somatikkmodell	5 622	3 370	7 898	2 268		19 158
Endring organisering	-15 300	0	-5 400	0		-20 700
Sum fordelt etter modell inkl. ekstern gj.pas.oppgjør - inntektsramme fra Helse Vest til HF	2 695 502	1 491 635	4 282 233	1 201 276	2 183 574	11 854 220

Inntektsfordeling 2007 - Utanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Tilskudd i basisrammen						-
Poliklinikk overført basisramme			Overført til inntektsmodellen			-
Halvering lab/røntgen satsar	42 348	14 879	75 878	13 433		146 539
Kreftplan	7 326	1 120	9 683	2 658		20 786
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	10 084	500	29 680		40 265
Kompensasjon for el-avgift	5 025	5 407	10 867	2 914		24 213
Internt lab/røntgenoppgjør	-4 495	-5 610	14 076	-3 971		-
Rusomsorg	1 371	14 475	15 726	541		32 112
Gjesteplassar rusområde - fordelt i modellen						-
TNF hemmar	19 599	706	69 216	19 953		109 474
Styrking av inntektsramma fordelt etter nøkkel for kapitaltilskot	29 000	18 000	41 000	12 000		100 000
Særskilte tildelinger						
"Mor og Barn" prosjekt	439					439
Øremerket tilskudd						-
Opprappingsplan psykiatri 2004	4 308	2 573	5 101	2 843		14 824
Opprappingsplan psykiatri 2005	11 036	9 449	18 023	9 427		47 936
Opprappingsplan psykiatri 2006	17 716	8 961	23 690	7 725		58 092
Tilskot til utdanning	11 085	5 547	95 251	4 199		116 082
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	1 813		2 192			4 006
Regionale komp.sentre- kreftplan			17 834			17 834
Nasjonale med. komp. Sentre			26 925			26 925
Nasjonalt kompetansesenter i funksjonell megnetisk resonans avbildning (FMRI)			767			767
Nasjonalt kompetansesenter for leddproteser			767			767
Nasjonalt kompetansesenter for sovnsykdommer			877			877
Nasjonalt kompetansesenter for bevegelsesforstyrrelser	1 096		-			1 096
Vestibulære sykdommer			439			439
Gastroenterologisk ultrasonografi			439			439
Syketransport	52 898	49 383	100 587	99 808		302 676
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 817					3 817
Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging						
Insulinpumper	2 686	1 584	4 714	857		9 841
Dyrare legemiddel	869	478	1 497	369		3 213
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	5 023					5 023
Utanlandsbehanlinger - overf. frå RHF			9 991			9 991
SUM tildelt inntektsramme 2007 frå RHF	2 908 464	1 628 670	4 835 688	1 403 713	2 183 574	12 960 109
Reduksjon av inntektsramma til HF'a som følge av eksternt gjestepasientoppgjør:						
Kostnad eksternt gj.pas.oppkjør	-100 564	-29 073	-49 996	-31 762		-211 395
Fakturering av gjestepasienter andre regioner	30 348	4 585	85 835	11 696		132 464
Kostnad rus gjestepasienter	-19 761	-2 930	-20 188	-10 387		-53 265
Kostnad kjøp av kurtdøgnplassar	-4 695	-2 815	-6 596	-1 894		-16 000
SUM inntektsramme i HF'a	2 833 552	1 601 367	4 864 931	1 381 753	2 183 574	12 865 178

2. Førebels resultatkrav for 2007 blir satt som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka Vest	Helse Vest IKT	TOTAL
Resultat 2007	0	0	0	0	0	0	0

3. Helseføretaka blir bedne om å nytta rammebudsjettering som teknikk for budsjett 2007. Budsjettet skal byggja på inntektsføresetnader og resultatkrav som følger av denne saka. Dei økonomiske rammene må fordelast i organisasjonen og føresetnadane for rammebudsjettering må klargjerast i alle ledd i føretaket slik at kostnadane blir tilpassast inntektsramma.